

# Styremøte i Løperen Sjakkklubb 7 mai 2024

Tilstades: Harald, Sverre, Odd Arne, Sigurd

## 1. Konstituering

Sigurd vart vald til formann og Harald til kasserar

Sverre held fram med ansvaret for seriesjakk seriesjakken, og er også vår kontaktperson mot Spillfestivalen

## 2. Gjennomtrekk i klubben

Det er mange som spelar nokre kveldar og viser seg ikkje igjen, eller bare kjem svært sporadisk. Nokre kveldar kan det vere svært få.

Styret vil sjå om ein uformell spelekveld med vekt på det sosiale kan vere eit rektrutteringsgrunnla, og vil prøve ein slik kveld første torsdag i juni. Dersom det vert vellukka prøver vi eit tilsvarande opplegg første torsdag etter ordinære kveldar i haust.

## 3. Handslag til utomverda

Odd Arne har hatt kurs og spelekveldar i Åsane. Det har vore svært velluka, og dei tenker på å få til ein sjakkklubb.

Harald held fram med innvandrarturnering.

Mat og Prat har vorte ein rein sjakkafe, og fungerer veldig bra slik, med mange frå Løperen og fleire andre mest kvar tysdag. Men den opprinnelege ideen om å spele sjakk med bebuarar på omsorgsheimen har tørka ut - Sigurd tar kontakt med Tina Nordby for å sjå om det kan gjenopprettast.

Læringscenteret har flytta opp på Landås. Der er det også eit Inkluderingscenter, og begge har lyst til at vi kjem opp med sjakk. Førebels har vi ikkje fått avklart om vi har kapasitet. Dei har foreslått torsdagar, men det er ikkje aktuelt for oss, Sverre (som alt er involvert med bordtennis) og Sigurd undersøker vidare.

## 4. Speleplan for hausten

Vi held fram med annankvar torsdag langsjakk og hurtigsjakk, startar siste torsdag i august med hurtigsjakk, avsluttar siste torsdag i november.

## 5. Andre saker

Spillfestivalen: Sverre etterlyser QR-kode på brosjyrane. I påvente av nytt opptrykk kan vi setje opp ein plakat med QR-kode.

Odd Arne lufta tanken om å betale heile kontingenten (1000 kroner) ved byrjinga av året for å unngå økonomisk tap ved mange innmelde om våren og få om hausten. Vi tek saka opp på årsmøtet i januar 2025.